




GAVLEN

2023 | 43. årgang



Pris 40,-

Lepsøyrevet fyr, der nye metodar vert tekne i bruk

Sommaren 1879 ankra fyrvesenet sitt vesle dampskip «Blink» opp ved Lepsøyrevet. Sjølvaste fyrdirektør Carl Frederik Diriks kom på inspeksjon. Formann Martin Mork frå Dalsfjord held på å støype, då ein av arbeidskarane kom springande. Martin og Carl møttest ved inngangsdøra.

Frode Pilskog

Carl, meir kjent som Fyrdiriks, kom dampande frå Hestskjæret utanfor Averøya. På ein låg og vanskeleg tilgjengeleg holme var ein i ferd med å setje opp eit nytt fyr. Arbeidet på vart leia av sunnmøringen Petter Aasebø. Arbeidet på Hestskjæret vart inspirert av fyrvesenet sin mann, løytnant Diderik Herman Rye.

Fyrdiriks var oppteken av ny teknologi. Under ei studiereise til Frankrike våren 1873 fekk direktøren oppleve nokre av dei fremste teknologiske nyvinningane: elektriske fyr, olje av mineralsk type og bruken av eit nytt byggemateriale, betong. Elektrisitet hadde han avgrensa tru på, men parafin og betong var særst spanande. Allereie i september same år vart løytnant Rye sendt på studietur til England. Her skulle han lære seg bruken av betong, eller konkret som det og vart kalla.

I sesongen 1874 var Rye i fyr og flamme. Den nye byggemetoden skulle testast ut på Pirholmen i Bergensleia. Dei sunnmørske fyrbyggarane var med. Arbeidet vart leia av den erfarne arbeidsformannen Arne Folkestad frå Volda. Familiefyret i betong vart ein suksess. Sesongen etter reiste Folkestad og mannskapet hans til Nordland og byrja på Trænen fyr.

Det nye byggematerialet gjorde at fyr kunne byggast på stadar som tidlegare var sett på som umoglege. Dei yste og mest verharde stadane kunne no vurderast.

Martin Mork hadde bygt lange moloar tidlegare. I 1854-55 deltok han i arbeidet med Hoggstein fyr saman med sin far, Ole Gammelsen. På revet på sørsida av Godøy bygde dei ein over 170 meter lang molo. Tårnet vart bygt i stein. Diriks, den ferske og nokså uerfarne fyrdirektøren, tilsette Ole som fyrmeister på Hoggstein.


På Lepsøyrevet fortalte den erfarne Carl at no skulle han snart gå av som fyrdirektør. Fyrdiriks roste Martin og takka han for innsatsen. Ei lang og ekspansiv epoke i fyrhistoria var over, men Martin kom til å jobbe tjue år til under den neste fyrdirektøren, Diderik Herman Rye. På tampen av si karriere fekk Martin Mork og Arne Folkestad vere med på å introdusere ein ny teknologi i Noreg. I 1897 samarbeidde dei om bygginga av det første elektriske fyret i Noreg, Ryvingen.

Lepsøyrevet har vore åstad for ei rekkje grunnstøytingar. For å trygge farleia gjennom revet tok ein i bruk nye tiltak som ein aldri før hadde gjort i Norge. Mot juletider i 1856 vart sluppen «Enigheden» ankra opp på revet. Det første fyrskipet i landet vart sett i drift. Fyrliset kom frå ei oljelykt som var heist opp i toppen av masta. Mannskapet bestod av tre personar. Drift av fyrskip førte til stor slitasje. Berre to år etter måtte skipet bytast ut. Frå 1860 fekk ein tåkeklokke om bord. Ved tåke eller snøfokk slo ein med klokka ein gong kvart femtande minutt. Det var nok stor endring i livet til fyrvaktar Oluf Andreas Aas som etter tre år på fyrskipet kunne byrje på sine 26 år som fyrvaktar på Lepsøyrevet fyr.

Lepsøyrevet har vore eit farleg område også i nyare tid. Ved ekstrem fjøre kan sjøbotnen vert ned mot 5-6 meter. I 2011 grunnstøtte hurtigruta «Kong Harald» på si ferd langs leia. Det sette søkelyset på planane om utdjuving av revet. I 2012 vart det greve ut ei om lag 2 kilometer lang renne som var 100 meter brei og 11 meter djup. Fyret vart erstatta med dei største sjømerka i landet. Dei åtte sjømerka som

Øvste bilete: Det åttekanta fyrtårnet er sett opp ytst på ein 220 m lang molo. Foto: Frode Pilskog, Viti

Nedste bilete: Lepsøyrevet fyr har fått ein ny nabo, Nordøyvegen. Foto: Frode Pilskog, Viti



står i utkanten av renna står på 430 tonn tunge fundament som kvar er 10×10 meter i grunnflate. I toppen lyser nye moderne HIB'er (hurtigbåtmerke med indirekte belysning).

Heldigvis hadde Kystverket og Lepsøyrevets fyrvener omsut for det nedslite fyret. Foreininga Lepsøyrevets fyrvener vart stifta i 2009 og samarbeidde med Kystverket i oppussing av fyret. Etter at fyret stod fram i ny prakt i 2014, har venelaget arrangert utstillingar og forskjellige arrangement. Fyret er vel verd ei vitjing, der det ligg rett ved sidan av den nye Nordøyvegen.

Viti vil nytte ny teknologi ved å presentere ein 3d modell på sine heimesider. Her kan du vitje perla på revet.

vitimusea.no/kunnskap/digitale-fyr-og-hamner


Kjelder:

- Bjørklund, Baar, Christensen og van der Eynden 2016 *Fyrdiriks. En kunsternisk byråkrat med humor og selvironi. Kystens veivisere IV. Kystverkmusea. Lindesnes*
- Rye, Diderik 1876 *Om anvendelse af konkret i Bygningsvæsenet. S. 12-22 i Polyteknisk tidskrift. Kristiania*
- Nerbøvik, Jostein 1997 *Holmgang med havet 1838-1914. Volda kommune.*
- <https://kystreise.no/detaljer/5761/Lepsoeyrev-fyr/>

Med 3d modellen av Lepsøyrevet fyr kan du sjå fyret frå nye sider. Foto: Frode Pilskog, Viti



Landets finaste fyr-fjøs? Foto: Frode Pilskog, Viti



Fyrskipet er markert på sjøkartet frå 1876. På den tida, det einaste fyrskipet i landet. Kart: Den norske kyst, NGO

